



Ing. K. Dømbe
Fanaveien 221 C
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykker:
Vår: 18/3580 - 19/611

Saksbehandlar:
Per Sveinar Morsund
Per.Sveinar.Morsund@lindas.kommune.no

Dato:
10.01.2019

Førerels svar med trøng for tilleggsdokumentasjon - gnr 212/133 Eikanger øvre

Tiltak: Søknad om bruksendring
Byggjestad: Gbnr: 212/133
Tiltakshavar: NNP Parsell 5 AS
Ansvarleg søker: Ing. K. Dømbe

Kommunen stadfestar å ha motteke dykker søknad 26.11.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er søkt om bruksendring frå lager til treningsenter for delar av bygget. Endringa krev omprosjektering som følgje av endra bruk frå lagerhall til publikumsbygning. Vi kan ikkje sjå av vedlagte dokument til søknaden at det er gjort naudsynte endringar for den delen av bygningen som skal endrast til treningscenter.
2. Det er opplyst at treningsenter skal driftast som eit enkelmannsføretak og at reingjering skal utførast av byrå med personfasilitetar på annan stad. Kommunen vurderer likevel tiltaket slik at det kan berøre arbeidsplassar. Vi ber difor om at du tek kontakt med arbeidstilsynet for å avklare dette. Dersom det ved suppling av informasjon ikkje ligg ved stadfesting frå arbeidstilsynet vil kommunen sende saka til uttale frå arbeidstilsynet, dette kan påverka handsamingstida for søkeren. Du kan også gå inn på denne lenka for å lese meir; <https://arbeidstilsynet.no/tema/byggesak>
3. Det må sendast inn utfyllande informasjon om parkeringssituasjon med hensyn til krav om parkering og oppdatert situasjonskart som viser parkeringsplassar.
4. Endra krav til prosjektering og utførelse av eksisterande bygg kan medføre ytterlegare krav om ansvarlege føretak for tiltaket.
5. Det må sendast inn revidert brannkonsept som følgje av endringa.



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 28.02.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkinger i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Per Sveinar Morsund
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

NNP Parsell 5 AS	c/o Jonny Totlandsdal, Kaldalen 12	5993	OSTEREIDET
------------------	--	------	------------

Mottakarar:

Ing. K. Dømbe	Fanaveien 221 C	5239	RÅDAL
---------------	-----------------	------	-------